

Bergen 18.10.2012

Uttale i samband med regjeringa sitt forslag til statsbudsjett 2013

Landslaget for lokal- og privatarkiv er ein fagpolitisk interesseorganisasjon med føremål å bidra til fremje vern og formidling av kommunalt og privat arkivtilfang i Noreg og heve det faglege nivået på dette arbeidet. Organisasjonen har 136 medlemmer, mellom anna alle landets arkivinstitusjonar utanfor det statlege arkivverket, ei rekkje fylkeskommunale arkiv, interkommunale arkivinstitusjonar, kommunearkiv, museum, organisasjonar og historielag.

Regjeringa sitt forslag til statsbudsjett for 2013 baud ikkje på store overraskingar. Kr 359, 5 millionar går til arkivføremål. Av desse går 316 til Arkivverket, ei auke på kr 24,1 millionar kroner, Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek får ei auke på 0,5 millionar. Post 77, 'Prosjekt- og utviklingstiltak på museums- og arkivfeltet' som mellom anna innebefattar støtteordninga for privatarkiv har fått ei auke på fattegslege 1,89 % til kr 36 millionar.

Med dette konstaterer, og beklager, LLP at heller ikkje i 2013 vil støtteordninga for privatarkiv få sitt sårt tiltrengte løft. Sidan 2010 har det årleg blitt avsett kr 2 millionar til ordninga. Ved søknadsfristen i 2012 var det 65 søkjarar med ein samla søkjesum i overkant av 20 millionar kroner til ordninga. Kring 15% av den samla søkjesummen resulterte i løyvingar, og det er grunn til å rekne med at det i tillegg er mange som ikkje søker midlar frå ordninga på grunn av den låge potten. Nytt frå i år er at det i budsjettet ikkje er spesifisert kor stor del av midlar under post 77 som skal gå til arkivføremål, men alt tyder på at rammeverket frå 2012 vert vidareført. Dette vil seie at dei årlege to millionane som støtteordninga for privatarkiv starta med i 2010 står. Den oppgjevne summen av avsette midlar til arkivføremål er såleis misvisande – ein stor del av dette er midlar som går til museumssektoren.

LLP kan ikkje få understreka nok at ei så låg løyving til støtteordninga stemmer overens med den realitet at ei rekkje bevaringsverdige privatarkiv går tapt – og med det, ein monaleg del av dei kjeldene som representerar vår felles historie og kulturarv. Utan privatarkiva vert våre kjelder til historien ufullstendige og samla sett misvisande – privatarkiva dokumenterer og bidreg til kunnskap om ein stor, særst samansett og aktiv sektor – den utfyller dei offentlege arkiva og bidreg til eit heilskapeleg og meir autentisk samfunnsminne. LLP var ein sterk pådrivar for opprettinga av støtteordninga for privatarkiv. Me er glade for at dette til slutt vart høyrte, men det er behov for ei monaleg auke i ordninga, og me vil anslå at det reelle behovet for midlar under ordninga ligg på minst 15-20 millionar årleg. Dette har me forsøkt å formidle til departementet i ei årrekkje. Norsk Kulturråd har i 2012 uttrykt forståing for vårt uttrykte krav om at løyvingane bør aukast. At det no på ordninga sitt tredje år ikkje er funne rom for auke under Kulturdepartementet sitt historisk romlegaste budsjett nokonsinne, beklagar me sterkt.

I årets budsjettforslag er det lagt inn ei auke av løyvingar til arkivsektoren på 25, 7 millionar kroner. Så å seie all auka går til det statlege Arkivverket, mellom anna til oppfølging av Riksrevisjonen sin rapport som konkluderte med at tilstanden i kommunal sektor er så dårleg at ei rekkje

bevaringsverdige arkiv står i fare for å gå tapt. Middelet for oppfølging er hovudsakeleg tilsyn med kommunal sektor. Etter LLP sitt syn er tilsyn eit virkemiddel, men som tiltak åleine har det ein altfor låg nytteverdi. Riksrevisjonen sin rapport er etter vårt syn først og fremst eit teikn på at behovet for ein ny arkivpolitikk er sårt tiltrengt.

Ikkje minst må departementet sjå at arkivsektoren består av meir enn dei statlege arkiva. Det er behov for ein heilskapeleg arkivpolitikk som går på tvers av forvaltningsnivå og som tydeleggjer ansvar. Dagens arkivlandskap er uoversikteleg og tufta på ei altfor stor spennvidde av ordningar frå fylke til fylke, noko som bidreg til at arkivsektoren på ei rekkje område er tufta på tilfældigheitsprinsippet. I kommunane er det behov for eit løft når det gjeld kompetanseheving og økonomiske løyvingar – særleg i høve arbeidet med å utvikle gode løysingar for elektroniske arkiv. Her har dei interkommunale løysingane vore ein sær sars positiv faktor vedkomande opplæring, rådgjeving og medvitsauke om arkiva sin viktighet. For dei kommunane som ikkje er tilknytt ein interkommunal institusjon er situasjonen særleg prekær. Her er det mange faktorar som spelar inn. Økonomi er ein av dei. For somme har dette samanheng med trange budsjett, for andre handlar det om medvit og prioriteringar, og i enkelte fylke finst det ikkje interkommunale ordningar – og kommunane er dermed overletne til seg sjølve. Ca. 20 % av kommunane er ikkje medlem av interkommunale ordningar.

LLP har ved fleire høve tilrådd departementet å hente fram Nysæter-utvalet si utgreiing om det norske arkivlandskapet der sterke regionale arkivinstitusjonar vert framheva som eit viktig virkemiddel for å auke kompetansen både på lokalt og nasjonalt nivå, seinast ved innspelskonferansen vedkomande den komande arkivmeldinga i juni 2011. Me repeterar med dette denne tilrådinga og ber departementet sjå det ansvaret som burde strekkje seg breiare og meir heilskapeleg mot arkivlandskapet enn å fokusere einseitig på dei statlege arkiva.

Rammer som kan bidra til betre vilkår for privatarkiva og at kommunearkiva har reelle mulegheiter for eit kompetanseløft og utviklingsmidlar er det som etter vår meining først og fremst må til for å betre situasjonen i arkiv-Norge.

Med venleg helsing,

Karin Gjelsten
Styreleiar LLP.

Landslaget for lokal- og privatarkiv

Sekretariat:

Styreleder

c/o Bergen byarkiv

Bergen kommune

Karin Gjelsten

Postboks 7700

Bergen byarkiv

5020 Bergen

55 56 61 84

E. post: postmottak@llp.no www.llp.no

e-post: Karin.Gjelsten@bergen.kommune.no

Organisasjonsnummer: 978610692